

Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.12.2018

Siri Klokkerstuen (A) sette fram slikt oversendingsforslag til utval for miljø og samferdsel:

«Heile fylket må inn på eit gjennomgåande kollektivtilbud. Fylket sør for Halhjem mot Stord, Bømlo, Fitjar, Sveio og Etne må få ta del i kollektivsatsinga på buss og båt. Skyssappen viser til Kystbussen som kostar omlag 420 kr Bergen-Sveio. Snøggbåten kostar 690 kr tur/retur. Skyss må arbeide med gjennomgåande buss og båtruter gjennom Sunnhordland, slik ein har til Odda og Kvinnherad.»

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativt framlegg til pkt. 1

1. Handlingsprogrammet pkt. 2.5 og 4.3 utbygging av bybane mot Åsane utgår. Det må utredes alternative kollektivtilbud.

Fylkestinget henviser til pkt. 4.4 vedlikehold av bybanen, hvor vedlikeholdet er tenkt finansiert gjennom Miljøloftet. Fylkestinget finner dette både urimelig og ikke bærekraftig over tid. Fylkestinget ber om at det må planlegges vedlikehold uavhengig av Miljøloftet.

4.11 Innfartsparkering til Åsane bygges uavhengig av bybane.

For øvrig sluttar fylkestinget til Handlingsprogram 2019-22 Kollektivstrategi for Hordaland slik det er lagt fram..»

Det var 55 representantar tilstades.

Røysting

Søviknes sitt forslag pkt. 1 fekk 6 røyster (Frp) og fall.

Innstillinger pkt.1 fekk 49 røyster (A,Sp,Krf,SV,V,R,MDG;H) og vart vedteken.

Innstillinger pkt.2 og pkt.3 vart samrøystes vedteken.

Klokkarstuen sitt oversendingsforslag vart samrøystes oversendt utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2019-2022 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.
2. Fylkestinget sluttar seg til at handlingsprogrammet gir eit godt grunnlag for prioritering av fysiske tiltak i kollektivtrafikken sin infrastruktur, og ber om at infrastrukturtiltak for kollektivtrafikken vert prioritert i komande rullering av handlingsprogrammet for Miljøloftet
3. Korrespondanse som tiltak, særlig i distriktet, bør inn både under effektive reiser og enklere reiser.